

---

**Fra:** Arthur Kleiveland  
**Sendt:** torsdag 21. september 2017 14.56  
**Til:** Jan Torry Sande  
**Emne:** VS: spørsmål spørjetimen

---

**Fra:** Jon Askeland  
**Sendt:** torsdag 21. september 2017 13.09  
**Til:** Arthur Kleiveland; Jarle Landås  
**Emne:** SV: spørsmål spørjetimen

Pluss denne:

Kva føringar har kommunestyret på administrasjonen når det gjeld enkeltsaker der Fylkesmannen ikkje kan gje pålegg, men Fylkesmannen allikevel ber kommunen handle.

Forslag til svar:

Det følgjer av kommunelova og delegasjonsreglementet kva roller og ansvar som er delegert til rådmannen. Utover dette er det ei rekkje andre lover som også regulerer ansvar og praksis. Døme på dette kan vera plan- og bygningslova, opplæringslova, folkehelselova, offentlegheitslova mm.

Pålegg frå Fylkesmannen skal følgjast opp og vert følgde opp. Rådmannen har også etter lova delegert mynde i enkeltsaker, og rådmannen skal følgja dei lovpålagde krava, og treffa justerande tiltak. Kommunestyret er på det reine med at rådmannen gjer sitt beste i å også følgja opp andre oppgåver innan dei rammene som er til rådvelde.

Kommunestyret sin måte å føra kontroll med at rådmannen følgjer opp kommunestyrevedtak og elles følgjer lovverk og forsvarleg drift er heimla i kommunelova til kontrollutvalet. Kontrollutvalet kan også gjennomføra forvaltningsrevisjonar på oppdrag frå kommunestyret. I forvaltningsrevisjonane kan ein leggja inn kvalitative vurderingar utover lovpålegg. For inneverande periode ligg det føre vedteken plan for forvaltningsrevisjonar i Radøy.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordførar  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)



---

**Fra:** Arthur Kleiveland  
**Sendt:** 21. september 2017 12:41  
**Til:** Jarle Landås; Jon Askeland  
**Emne:** spørsmål spørjetimen

**Hei**

**Har samla alle innkomne spørsmål til Spørjetimen i vedlagt dokument. Sist innkomne spørsmål er frå Normann Sæbø (H):**

Har fått bekymringsmelding frå tilsette i barnehage om kvaliteten på matvarer som er levert etter innkjøpsavtalen «Bergensavtalen». Er det noko system for oppfølging av kvalitet og leveringstidspunkt.

Det vert opplyst at matvarer som skal brukast frå måndag osv vert levert fredag. Det er ikkje gode nok oppevaringsmoglegheiter på dei forskjellige avdelingane til å ivareta kvaliteten på varene.

Kva vil kommunen gjera med det?